

---

Vår referanse 2021/274-3  
Dato 01.02.2021

---

ALVER KOMMUNE  
Postboks 4  
5906 FREKHAUG

## Kulturminnefagleg fråsegn - Dispensasjon frå kommuneplan - gnr 305 bnr 83 - Fløksand - Alver kommune

Vestland fylkeskommune ved seksjon for kulturarv, viser til dykkar brev datert 05.01.2021 der de ber om fråsegn til sak som gjeld søknad om dispensasjon frå arealbruksføremålet LNF i kommunedel-planen for Meland. Det omsøkte tiltaket gjeld oppføring av bustad på gbnr. 305/83 på Fløksand i Alver kommune.

### Vurdering av tiltaket

Det er ein lengre historikk i saka når det gjeld søknad om dispensasjon til bygging i området. For nokre år sidan blei det søkt om dispensasjon både for bnr. 83 og 84. Hordaland fylkeskommune kom i brev av 22.06.2015 med kulturminnefråsegn der konklusjonen var at ein rådde ifrå at det vart gjeve dispensasjon til bustadbygging på desse bruksnummera. I vurderinga av tiltaket sto mellom anna følgjande:

*«Slik Hordaland fylkeskommune vurderer saka grip tiltaket inn i eit særs verdifullt område med intakt kulturlandskap med verneverdige grindverksbygningar og kulturlandskapselement som bakkemurar, potetkjellar, steingardar og levegg med tørmur. Området er etter vår vurdering sårbar for inngrep, og bustadbygging vil kunne redusere kulturlandskapsverdiane.»*

Det blei også vist til eit lausfunn som blei funne på nabotomta i sør (bnr. 174), av eit randskår frå kleberkar i tynt gods. Dette har ei sannsynleg datering til eldre jernalder.

Noverande tiltakshavar viser i sin søknad om dispensasjon, i brev av 23.10.2020, til at fylkeskommunen «*har feilaktig vektlagt at det ligger en verneverdig grindverksløy på bnr. 84. Denne løen er ikke gammel og ble bygget i forbindelse med kurs på stedet for ca 15 år siden.*» Trass i den reelle alderen til løa så er denne eit positivt element i området, som underbyggjer kulturlandskapet sin karakter. Mot vegen i aust ligg det eit par leinstover som er SEFRAK-registrert, der den eine (ID 1256-0106-025) «sies å være det eldste huset på Fløksand, alder uvisst.» Saman med kulturlandskapselementa i området utgjer delar av området eit interessant og særprega kulturmiljø, rett nok med element av nyare ombyggingar og nybygg, som også er dei dominerande i det tilgrensande området i vest.

Tiltaket er redusert sidan sist fylkeskommunen kom med kulturminnefagleg fråsegn; frå to til ei bustadeining samt i mønehøgde frå 7 til 5,9 m. Det er vektlagt at bygget skal gli fint inn i terrenget, og materiale, fargeval og utforming er inspirert av vestlandsk byggeskikk. Vestland fylkeskommune synest at denne tilnærminga er god, men saknar godt teikningsgrunnlag når det gjeld perspektiv og siktliner som gir eit reelt inntrykk av tiltaket sin innverknad på omgjevnadane.

Vestland fylkeskommune har ikkje føreteke synfaringar på staden i samband med denne dispensasjonssøknaden. Vi ser ikkje at området innehar regionale kulturminneverdiar, og meiner at Alver kommune såleis er rette instans når det gjeld dei vidare vurderingane i saka. Då også på bakgrunn av den nylege kommunesamanslåinga, som gjer at ein må vurdere sine kulturminne i ny målestokk.

**Konklusjon**

Vestland fylkeskommune ser ikkje at denne saka omhandlar eit område av regional verdi. Vi viser til Alver kommune si kulturavdeling for ei nærmare vurdering når det gjeld tiltaket sin innverknad på lokale kulturminneverdiar, i form av bygningsmiljø og kulturlandskap.

Med helsing

Karoline Hareide Breivik  
fagleiar

Berit Vik  
spesialrådgjevar

*Brevet er elektronisk godkjent og har difor inga handskriven underskrift*